



Nr. 4 1981

22. årgang

Løssalg kr. 7,50

INNHOLD:

Ernst Håkon Jahr: Kva er ein radikal språkpolitikk?	2
Uttalelser og valg på landsmøtet	3
Lars S. Vikør: LSS framfor åttiåra	4
Nye bøker	7
Konservative former inn i telefonkatalogen	7
Ernst Håkon Jahr: Er nynorsk et minoritetsspråk?	8
Ove Lorentz: «Hva er De for en kar?» (Bokmelding)	10
Øyvind Gulliksen: To veteraner ser tilbake. (Halvor Dalene og Arne Kielland)	11

Nye språkregler i NRK

Styret i Norsk rikskringkasting har vedtatt nye regler for språkbruken i programvirksomheten. Her blir det slått fast at NRK skal «sjå det som ei oppgåve å spegle det språklege mangfaldet i landet». Normert talemål med grunnlag i den offisielle rettskrivinga skal brukes i visse nærmere definerte programtyper: nyhetsprogram, programannonsering og meldingstjeneste, undervisningsprogram, og ellers i program der en bruker manuskript. Overalt ellers skal en kunne bruke dialekt.

LSS har på landsmøtet 15. november tatt for seg reglene og uttalt seg om dem. Laget meiner at forholdet mellom normaltalemål og dialekter her blir regulert på en fornuftig måte, og sier seg glad for det. Men i uttalelsen heter det også:

«Mer uklare er reglene når det gjelder valg av former innafor normert bokmål og nynorsk. Vårt syn er at medarbeiderne her må kunne velge fritt innafor de rammene den offisielle rettskrivinga setter. I reglene heter det at en skal «velje dei mest vanlege formene» innafor rettskrivinga og «i hovudsak» holde seg innafor læreboknormalen. Uttrykket «dei mest vanlege formene» er svært vagt, og det er lett å misbruke av folk med sterke subjektive oppfatninger av hva som er «vanlige» og «uvanlige» former. Vi vil derfor sterkt understreke at når en bedøm-

mer hva som er «vanlige» former, ikke minst i bokmålet, må en legge sterk vekt på forholda i talemålet likesåvel som i skriftsmålet. Det må aldri forekomme at utbredde og heimlege talemålsformer som også er tillatt i gjeldende rettskriving blir diskriminert fordi konservative språkpolitiske pressgrupper ugjerne ser og hører dem i bruk.»

LSS har i tillegg innvendinger mot at en i normaltalemålet skal ta utgangspunkt i «tilrådd uttale». «For enkeltord (fremmedord o.l.) og navn kan vi godta uttalerådgeving», sier laget. «Men vanlige folkelige uttalemåter (trykk på første stavelse o.l.), må det være full adgang til å bruke om de så ikke står i ordbøker og ordlister.» Laget viser til at reglene uttrykkelig slår fast at medarbeiderne kan holde på «sin personlege talemålstone (ordtone og setningsmelodi)».

Ellers meiner LSS at en i distriktsprogram må kunne bruke dialekt også i nyhetssendinger. Eventuelle stridsspørsmål om språkbruken meiner laget bør legges fram for språkkonsulentene og i viktige prinsippaker også for Norsk språkråd. Endelig ber LSS om at språkrådgivingstjenesten i NRK blir bedre utbygd, slik at det blir tilsatt en språkkonsulent på heiltid for hver av de to offisielle målformene.

SPRÅKLIG SAMLING

Abonnement 30 kroner året
Skriftstyrarar: Ernst Håkon Jahr, Gabbrovn. 11,
9022 Krokelydalen. Tlf.: (083) 30 483
Torun Gulliksen, Bergvn. 21, Breisås, 3800 Bø
i Telemark. Tlf. (036) 60 691

Returadr.: Postboks 636, Sentrum, Oslo 1

Kva er ein radikal språkpolitikk?

Finst det ein radikal og progressiv kulturpolitikk? Og meir spesielt: Korleis skal ein kunne avgjera om det eller det språkpolitiske synet er «radikalt» eller «progressivt»? Går det med andre ord an å stille opp ein analyse, ei forklaring eller ein ideologi som kan vera vegvisar for oss når vi skal orientere oss i det språkpolitiske landskapet i Norge?

Motnorm

I ein analyse av kulturpolitikk generelt og av språkpolitikk spesielt er omgrepet *motnorm* klargjerande. Ei motnorm står i konkurranse- og motsetningsforhold til dei kultur- og språknormer som representerer makteliten i samfunnet. Gjennom sosial og annan prestisje verkar dei undertrykkande på folkefleirtalet. Det å etablere og kjempe fram kulturelle motnormer utfordrar derfor makteliten som kulturell elite.

Nynorsken

Nynorsken er kjempa fram i konkurranse med bokmålet gjennom meir enn 100 år av ei stor rørsle, målrørsle. Argumenta for nynorsken har vori mange og ulike, noen gode og andre dårlege. Men nynorsken har heilt frå første stund vori ei motnorm til det dominerande skriftspråket, det skriftspråket som representerte makta i samfunnet. Derfor har nynorsken i hovudsak *fungert* progressivt og radikalt, enda om ein har kunna peike på manglar og veikskapar ved sjølv skriftspråket. *Grunnlaget* for nynorsken, særleg at han har det folkelege talemålet som *stilmønster*, og den *funksjon* nynorsken har hatt som *motnorm*, er det viktigaste.

Mytar

Mytane er mange i norsk språkpolitikk og språkstrid, og dei finst i alle leirar. Mytane om at nynorsken er eit vestlandsmål som ikkje passar aust og nord i landet, lever framleis dessverre. Men mytane hos mange målfolk om bok-

målet er også talrike. Ein av dei går ut på at bokmålet så å seia av seg sjølv kallar fram kansellispråk og ufolkelege seiemåtar. Ein annan myte er at bokmål og bokmål er same tingen.

Bokmålet

Men «bokmål» er eit vidt omgrep som rommar alt frå det mest konservative riksmål som vi finn i *Aftenposten* og *Morgenbladet* t.d., til det mest radikale og folkelege bokmål, som i dag blir meir og meir brukt av yngre forfattarar (t.d. Dag Solstad, Ingar Skrede, Espen Haavardsholm, Ola Bauer, Marit Osmundsen). Denne radikale bokmålsvarianten står *språkleg* nynorsk nærare enn han står det konservative riksmålet i *Aftenposten*. Men språkpolitisk har radikalt bokmål ein heilt annan funksjon enn nynorsken. For mens nynorsken er ei motnorm som har aspirert til heilt å erstatte riksmål/bokmål – som ein invasjonstrussel utanfrå – er radikalt bokmål ei motnorm *innanfor* riksmål/bokmål. Altså som ein slags gerilja i landet sjølv.

Sosialgrense

Det går ei skarp *sosial grense* mellom konservativt riksmål og moderat bokmål på den eine sida og radikalt bokmål på den andre. Ei slik grense finn vi ikkje mellom nynorsk og radikalt bokmål. Sjølv om dei bae sikkert kan gjerast betre som uttrykk for folkeleg talemål i landet, står dei trygt på folkemålsgrunn i motsetnad til *Aftenposten*-bokmålet. Derfor er *både* nynorsk og radikalt bokmål viktige som språkelege motnormer. Dei står saman *språksosialt*, trass i dei reint språkelege skilnadene vi finn mellom dei.

Når radikalt bokmål står veikare og blir mindre brukt enn nynorsken, har det sin grunn i at denne skriftvarianten ikkje har støtte av ei brei folkeleg rørsle slik som nynorsken har. Men i sosial språkstridssamanheng er det radikale bokmålet viktig likevel, som motnorm innanfor bokmålet, som gerilja.

Talespråket

Også når det gjeld talespråket, er det mogleg å snakke om motnorm. Ved å gjera *dialektbruk* til norm, til det vanlege og aksepterte i alle samanhengar, blir det etablert ei motnorm til det såkalla «dannede talemål», som er identisk med talt riksmål.

Å etablere dialektbruk som motnorm til munnleg riksmål er like viktig som å stø bruken av dei skriftlege motnormene.

Ein radikal og progressiv språkpolitikk vil etter dette seia ein politikk som stø oppunder og fremmar bruken av motnorma *dialektbruk* i motsetnad til «dannede tale», og av dei to skriftlege motnormene: nynorsk og radikalt bokmål i motsetnad til konservativt bokmål/riksmål.

Ernst Håkon Jahr

Uttalelser fra landsmøtet

På landsmøtet i Oslo 15. november tok LSS skarpt avstand fra aksjonene mot den obligatoriske skriftlige sidemålsundervisninga i den videregående skolen, som i praksis er retta mot nynorskundervisninga for bokmålslever. Laget meiner at denne undervisninga er og må være en sjølsagt del av allmennutdanninga, og en naturlig konsekvens av at vi har to offisielt jamstilte skriftmål i landet. Samtidig støtter LSS arbeidet med å finne nye former for sidemålsundervisninga. Den bør, heter det i uttalelsen, mer enn før «ta utgangspunkt i talemålet, slik at ein ikkje lenger lærer sidemålet som eit fremmedspråk. Sidemålet bør også dras meir inn i den generelle undervisninga (ikkje berre i norsk) ved at ein les tekster på det osv. Vi vil også gå inn for ei opning av ordtilfanget i nynorsk for vanlege folkemålsord med dansk-tysk opphav. Det vil minske kløfta mellom den skriftlege nynorsken og kvardagsmålet til folk i by og bygd.»

Landslaget peker også på at riksmålsbevegelsen med sidemålsaksjonene sine bryter en av forutsetningene for stortingsvedtaket om bokmålsrettskrivinga i vår, nemlig at bevegelsen nå

skulle slutte å aksjonere mot nynorsken og andre folkelige varianter av norsk. I en annen uttalelse tar laget opp utviklinga i bokmålet fra den samme synsvinkelen. *En* ting er at riksmålsbevegelsen holder fast på sin private norm også etter stortingsvedtaket. En annen ting er at den drastiske utvidinga av læreboknormalen åpner for et sterkere språkkonservativt press på forlaga, og dermed til ei ensretting av lærebokspråket. Både fra Kirke- og undervisningsdepartementet og i stortingsdebatten om denne saka blei det presisert at dette ikke var meininga. På bakgrunn av det ber Landslaget departementet følge nøye med i hvordan språkb Bruken i lærebøkene utvikler seg, og uttaler vidare:

«Dersom det viser seg at «liberaliseringa» virkelig blir et skalkeskjul for språklig ensretting til fordel for et mer talemålsfjernt bokmål, må saka tas opp igjen. Det må være et krav at vi får et rimelig tilbud av lærebøker både med mer tradisjonelle og med mer radikale former. Ansvaret for dette må ligge på forlaga, og styremaktene må føre tilsyn med at dette ansvaret blir tatt alvorlig.»

Nytt styre i LSS

Landsmøtet 15. november valgte dette styret for den neste toårsperioden:

Sentralstyre:

Lars Vikør, leder
Reidunn Guldal, nestleder
Knut Western, kasserer
Eskil Hanssen, skriftstyrer
Rolf Theil Endresen, styremedlem
Øyvind Haaland, styremedlem
Svein Lie, styremedlem
Eric Papazian, styremedlem
Tove Berg, varamedlem
Jan Engh, varamedlem
Thore Roksvold, varamedlem

Landsstyre:

Leif Egerdal, Tune
Johs. Fosså, Nittedal
Geirr Wiggen, Elverum
Ernst Håkon Jahr, Tromsø
Thomas Hoel, Tromsø
Torun Gulliksen, Bø i Telemark
Egil Røssaak, Ålesund
Jon Vidar, Notodden
Magne Aksnes, Bergen
Ivar Hundvin, Trondheim

Varafolk til landsstyret:

Per P. Gulbrandsen, Porsgrunn
Finn Skjellaug, Porsgrunn
Einar Tønnesen, Vågsbygd
Ola Halvorsen, Skien
Tomas Refsdal, Rjukan
Wigdis Andresen, Oslo
Rakel Seweriin, Oslo
Leif Roksvold, Skien
Gunnar Horverak, Jessheim
Alfred Kvalheim, Oslo

Johs. Fosså blei gjenvalgt som revisor.

Bøker

Rue, O. H. (red.): *Nynorsken i 80-åra. 27 meiningstryingar*. (Samlaget) – Ei samling med småartikler der målfolk (og Gorgus Coward!) sier hva de mener om nynorsken i det kommende tiåret.

Rosen, Harold: *Morsmålsdidaktiske essays*. (Novus) – Oversatt og med forord av Øyvind Gulliksen. Harold Rosen er professor i morsmåls-pedagogikk og tar i disse essayene opp mange sider ved den språklige aktiviteten i skolen.

LSS framfor åttiåra

Ein del diskusjonsmoment

Av Lars S. Vikør

I eit tidlegare nummer av bladet (nr. 2 – 1981) stilte eg spørsmålet om vi treng Språklig Samling i dag. Svarar ein nei, går det an å grunngi det på minst to heilt motsette måtar: Ein kan seie at tilnærminga går sin gang uansett, slik at det er bortkasta å drive ein organisasjon for å skynde på denne prosessen. Eller ein kan seie at samnorsktanken er daud, vise til rettskrivingsvedtaket i Stortinget i vår og peike på kor få det er som i dag viser interesse for organisasjonen vår og ideane våre.

Eg svara no ja likevel, og det enda eg meiner begge påstandane over har mye sanning i seg. Men det er meir påtrengande enn noen gong å spørre kva vi vil med denne organisasjonen, og kva slags behov samfunnet vårt har for ein radikal språkpolitikk som ikkje kan drivast like bra på andre måtar enn gjennom LSS. Ideane frå femti-, seksti- og syttiåra kan ikkje utan vidare brukas i åttiåra – men vi kan framleis bygge på mange i dei.

Som dei aktive i laget vil vite, har vi hatt ein smule strid mellom to liner – rett nok berre krusningar samanlikna med tilsvarande stridar i andre rørsler. Slike stridar fører gjerne med seg at standpunktta blir sett meir på spissen enn det eigentleg var meininga frå begge kantar – og det kan til og med vere nyttig. Den eldre lina i LSS la som kjent hovudvekta på tilnærminga mellom dei to skriftmåla og ei framtidig samansmelting til ei samnorsk målform. Samlenormalen var det mest konkrete uttrykket for denne lina. Folke-målet skulle vere eit grunnlag og eit kompass for tilnærminga, men vel eigentleg ikkje noe mål i seg sjølv. Den yngre lina, som slo igjennom midt på syttitalet, sette nettopp det folkelege tale-målet i sentrum og viste klare tendensar til å gjere skriftmålet til ei bisak. Somme fekk vel ein litt vond smak i munnen av sjølve ordet «normering» (også av skriftmålet) – og debatten gjekk langt på veg ut på å rekne opp dei mange undertrykte dialektformene som burde komme inn i normalen (-ane) for å gjere han/dei skikkeleg frigjerande.

Eg trur tida no er inne til å komme fram til ein syntese mellom desse «linene». Den gamle teknokratiske samnorsklina er knapt politisk muleg lenger, og i den forstand trur eg det er rett å seie at «samnorsktanken er daud». Ei

fullstendig oppsmuldring av skriftspråka vil på den andre sida berre undergrave det språkpolitiske alternativet vi står for, og neppe påverke særleg mange til å skrive meir folkeleg. Eg har inntrykk av at eg har jamvel dei hardaste «line-debattantane» frå syttiåra med meg i dette.

Eg skal ikkje her og no prøve å legge fast den syntesen som skal danne grunnlaget for politikken vår framover. Den må utviklas i ordskiftet og det praktiske arbeidet vårt i dei næraste åra. Men eg vil prøve å formulere noen synspunkt på målet for arbeidet vårt, på situasjonen no og utviklingstendensane framover, og på kva språkpolitiske og praktiske konklusjonar vi bør dra av det.

Det endelege målet vi går inn for, er ei samlande norsk skriftnorm som heile folket kan kjenne seg heime i, og som bygger på både dialektane og skrifttradisjonane bokmål og nynorsk. Denne målsettinga går tilbake til Moltke Moe og Knud Knudsen, og den må vi framleis kunne vedkjenne oss. Men alt er ikkje sagt med det, for det er ikkje nok at vi får ei skriftnorm som er slik og slik. Det er minst like viktig korleis norma fungerer i samfunnet, kva slags forhold dei ulike einskildmenneska og samfunnsgruppene har til ho, og korleis språket påverkar tilhøvet mellom menneske og grupper. Eit grunnleggande ideal for oss er det at alle dialektar og talemålsvarianter skal vere likeverdige; dette er eit vilkår for at menneska skal sjå på kvarandre som likeverdige. Vi ønskjer oss eit språksamfunn der alle kan vere trygge på og i sitt eige språk, og der alle har makt til å påverke språkbruken og sette sitt stempel på han. Føresetnaden for dette siste er slike ting som ei god norskopplæring, ei høgt utvikla språkbevisstheit og ei demokratisk og folkeleg språknormering og språkdyrking.

Så mye om idealmålet. Som vi ser, er det her snakk om ideal som knapt kan nåas ein gong for alle, men som kvar ny generasjon må halde fram med å kjempe og arbeide for. Og om vi no ser på situasjonen i dag, slår det oss fort at den kampen aller minst er overflødig no og i åra framover. Språkpolitisk er reaksjonen på frammarsj – det har vi skrive før og vi kjem til å skrive det att seinare, så eg skal ikkje terpe meir på det her. Men ser vi på samfunnet utanfor språk-

stridskrinsane, så ser vi korleis dei sentrale verdiane som har lege under den radikale språkpolitikken i dag blir truga: ideala om likskap, mangfald og samfunnsansvar blir trengt attende av ulikskap, konformitet og privatisering. (Vi må sjølsagt skilje skarpt mellom likskap i tydinga likeverdigheit og konformitet.) Eg skal ikkje her moralisere over «høgrebølgja», og heller ikkje påstå at utviklinga er eintydig eller at alle utslag av dei nemnde tendensane treng å vere forkastelege. Men eg vil peike på at slike tendensar i tida har klåre konsekvensar for språkutvikling og språkpolitikk, slik at vi må ha eit bevisst forhold til dei.

Det første vi da ser, er at få oppfattar ein radikal samnorsk-politikk som noe særleg aktuelt. Både bokmålet og nynorsken, men særleg bokmålet, er langt på veg konsolidert i ei forholdsviss tradisjonell form, og få vil i dag ta det ubehaget og den striden som drastiske brot på språkvanane no ein gong fører til – enda dei i og for seg kan sympatisere med målet. Spora etter den tradisjonelle språkstriden skremmer. Det ideologiske innhaldet i riksmålsagitasjonen er dessutan nettopp tufta på dei verdiane som er på frammarsj i samfunnet i dag: Elitedyrking, privatisering og konformitetspress er som kjent viktige element i denne propagandaen. Motkreftene vil sjølsagt ta opp kampen for *sine* verdiar (og da meiner eg ikkje berre det som kallas «venstresida»), men det er altfor få som innser at språkstriden framleis er eitt av frontavsnitta i denne kampen, og at ein ikkje berre kan kjøpe seg «fred» med reaksjonen for så å konsentrere kampen om «viktigare» ting.

Likevel har vi framleis ei sterk motkraft nettopp på det språkpolitiske området: dialektørsla. Den er nok blitt meir utfordra i det siste enn før, men framleis står retten til å snakke dialekt fritt og til å kreve respekt for dialekta som ein av dei sentrale verdiane syttiåra har gitt oss. I det forenkla perspektivet eg har streka opp ovanfor, kan vi seie at dialektørsla er litt tvetydig: Ho rettar seg sterkt mot konformitetspress og elitedyrking frå riksmåls- og anna hald, men kan også oppfattas som ein protest mot offentleg normering og for privatisering når det gjeld språkbruk. Dette er kanskje ei forklaring på at ho har møtt så lite open motstand frå høgre- og riksmåls-hald: Propagandistane for «fri sprogutvikling» og «sproglig frihet» møtte på sett og vis seg sjøl i døra. I dag har sentrale riksmålskrefter begynt å ta eit oppgjær med nettopp denne delen av den tidlegare propagandaen sin, og legg meir og meir vekt på eit autoritært normsyn. Den særleine samanblandinga mellom autoritetsdyrking og liberalisme som kjenneteiknar vår tids og eldre tiders høgrebølgjer, er eit fast trekk også i riksmålspropagandaen. Vi kan altså vente at det no vil bli lagt meir og meir vekt på konformitet, einsretting og stram normering frå

den kanten, og da kjem både dialektørsla og andre uregjerlege element til å få kjenne motvinden.

Ein tredje tendens ser vi i sjølve utviklinga av talemålet, nemleg ei merkbar utjamning av dialektskilnader hos den yngre generasjonen. Ein kan stridas om kor sterk denne tendensen er og om han er ønskjeleg eller ikkje, men det kan vere liten tvil om at han er der. Og årsakene må vi nok leite etter i den sosiale og kulturelle utviklinga, først og fremst endringane i busettnadsstrukturen og mediasamfunnet. Grunntendensen er vel den at dei kulturelle skilnadene mellom ulike regionar og landsdelar held på og blir viska ut, samtidig som vi som folk er inne i ein djuptgåande kulturell omstøypingsprosess. Statsvitarane seier at det er «motkulturane» som er i ferd med å gå i oppløysing. Språkleg fører dette til at vi blir meir og meir ensarta på tvers av dialekt- og målformgrensene, mens kløfta mellom ulike generasjonar og yrkesmiljø derimot held seg. Da tenker eg på slikt som omgrepsstruktur, ordtilfang og uttrykksmåte, ikkje så mye på formverk og lydverk, for der vil dialektskilnadene truleg halde seg også i framtida (i ei avslipt form).

For nynorsken kan vi vente at denne utviklinga får spesielt store konsekvensar. På kort sikt er nynorsken trygga som offisielt jamstilt skriftmål, og i alle høve på den offentlege sektoren kan vi vel vente ein viss auke i nynorskbruken framover. Men innerter i målflokken er det i gang ein strid om nynorsken skal reindyrkas som ein særlege og tradisjonell språkkultur, eller om han skal opnas for den bokmålspåverka delen av ordtilfanget i folkemålet. Den første lina kan på lengre sikt undergrave nynorskens stilling i folket ved å gjere han til eit særskilt for ein elite av «måldyrkarar». Den andre lina har livsvon i seg, men berre dersom vi greier å utvikle ein aktiv og bevisst folkeleg språkpolitikk (kall det gjerne «språkrøkt») som når utover dei krinsane og miljøa der nynorsken dominerer. Blir bokmålet ståande upåverka, vil språktilfanget derfrå etter kvart oversvømme både dialektane og nynorsken. Da sit vi til slutt igjen med eit einsretta og flatt «einskapsspråk» utan rom for individualitet og mangfald. Og det er ikkje *det* vi som samnorskfolk bør streve etter.

Det er på tide å prøve å samle trådane. Dei utviklingstendensane vi ser i dag, peikar i ulike leier. Mens skriftmåla langt på veg har stagnert i eit samnorskperspektiv, kan ein peike på tydelege tendensar i «samnorsk» lei i talemålet: ei utjamning av såkalla «avstikkande» lokale og regionale særdrag, og ei styrking av sentrale folkelege (særleg austlandske) drag i bytalemåla. Talemålsgrunnlaget for nynorsken vil truleg halde seg, så langt det gjeld dei sentrale strukturdraga i språket. Nynorsken kjem i lang tid

enno til å vere ein umistelig skanse for ei lang rekke folkelege former og ord som bokmålet ikkje har greidd å ta opp i seg i praktisk bruk. Men den spesielle nynorske språkkulturen med sine eksklusive normer for god ordlegging vil det truleg bli mindre og mindre grunnlag for å halde oppe. Det heng saman med at nynorsken meir og meir går over frå å representere ein «motkultur» til å bli ein del av ein nasjonal «felleskultur». Det må føre til omlagingar i synet på godt og dårleg språk – der «nynorskkulturen» sine normer på lang sikt berre kan overleve om dei blir godkjent i felleskulturen. Og som kjent blir en god del av desse normene det, forsåvidt som idealet om enkel og folkeleg ordlegging og syntaks etter kvart blir ei rettesnor også for språkrøkta i bokmålet, til dels med stilnormene i nynorsk som mønster.

Språklig Samling ønskjer prinsipielt å påverke heile det norske språksamfunnet i ei viss lei, på tvers av bokmål/nynorsk-skiljet. Vi er den einaste språkstridsorganisasjonen som har eit slikt utgangspunkt; dei andre nøyer seg med å føle ansvar for éin av dei norske språktradisjonane, med eit underliggende ønske om at den andre før eller seinare skal forsvinne eller settas på kår som ein tolerert minoritet. Men vi har ikkje avklåra korleis denne påverknaden skal skje, korleis vi skal kunne realisere språkideala våre i dagens norsk. Mange utanfor våre egne rekker ser på oss som livsfjerne fantasmar. Det er ei viktig oppgave for oss å formulere klårt dei ideala og prinsippa vi vil skal styre språkutviklinga framover, og vise korleis det skal arte seg også reint praktisk.

Eit særleg ansvar har vi da for det folkelege («radikale») bokmålet. Det eksisterer ikkje som ei særskilt norm i dag, men som meir eller mindre sterke innslag i den såkalla «moderate» bokmåltradisjonen. Å styrke desse innslaga er det same som å gi bokmålsbrukarar friare armslag innanfor målforma si. Det er ikkje minst viktig no som riksmålsformene igjen har fått ei så sterk stilling i det offisielle bokmålet, og riksmålsfolk er visstnok alt i full gang med å skape ei ny privat norm innanfor det som framleis misvisande heiter «moderat bokmål». Det vil føre til eit sterkare press på det folkelege bokmålet, men vonleg også til ein motstand som vi kan vere med på å kanalisere. Det kan bli aktuelt å diskutere om vi bør prøve på å sette opp ei formell «motnorm» basert på radikale bokmålsformer – innanfor eller utanfor offisiell rettskriving – med grunnlag i faktisk språkbruk og språkkjensle i dag. Det fins vektige argument både for og imot ein slik politikk, men ein grunn til at tanken burde drøftas, er at dei som ønskjer å skrive folkeleg bokmål i dag manglar mønster og normer å halde seg til, og dermed stort sett må bygge på sin private intuisjon. Og det er litt spinkelt for den som prøver å gå nye vegar og

samtidig gjerne vil bli akseptert for språket sitt. Ei slik «motnorm» kan sjølsagt ikkje bli noe anna enn ei rettleiing for folk som bevisst ønskjer å skrive radikalt, i motsetning til den prestisjeladde riksmålsnorma. Men blir ho akseptert som ei referanseramme for slike skribentar, kan det styrke dei folkelege formene i bruk, og det er ein avgjerande føresetnad for at vårt språksyn skal kunne vinne fram. Ei anna sak er at ein ikkje må forveksle denne tanken med ideen om ein «samlenormal»: det eg tenker på her, er ikkje ei norm som skal oppheve skilnaden mellom bokmål og nynorsk (det reknar eg som utopisk i overskueleg framtid), men ei kodifisering av radikal språkbruk i bokmålet i dag, som ei motvekt mot den trykkande riksmålsnorma.

I alle fall bør vi komme fram til eit avbalansert syn på normeringa av skriftmålet, særleg tilhøvet mellom fastheit og valfriheit. Vi må innsjå at ei tilnærming berre kan vinne fram gjennom ei jamn utvikling – drastiske og uførebudde brot med tradisjonar og vanar er gavepakker til reaksjonen. Og tilnærminga i seg sjøl kan heller ikkje vere noe mål for oss, det sentrale er *premissane* for den tilnærminga som skjer. Vi må med andre ord formulere betre enn før kva vi meiner er god og tenleg språkbruk, kva retning vi ønskjer at norsk språk skal utvikle seg i, og kva for element i dei tradisjonelle språkkulturane vi meiner bør vernas og fremmas i denne utviklingsprosessen. Såleis bør vi utvikle ein konkret, pragmatisk og realistisk normerings- og språkrøktspolitikk og ta sikte på å bli eit varig språkpolitisk tyngdepunkt og ei hardt tiltrengt motvekt mot riksmålsfolka og dei ein-sidede tradisjonsvernarane på nynorsksida.

Eg vil samanfatte konklusjonane mine i noen få punkt. Vi bør:

- erkjenne at delinga i to målformer, bokmål og nynorsk, kjem til å vare i den framtida vi kan ha von om å påverke, og legge «samlenormaltenkinga» på hylla,
- med utgangspunkt i denne erkjenninga stimulere tilnærmingstendensar i begge målformene med grunnlag i eit bevisst verdisyn som eg vil kalle «folkemålssynet»,
- diskutere oss fram til kva dette folkemålssynet vil måtte innebære i praktisk normering og språkbruk i begge målformene når det blir avvege mot andre legitime omsyn,
- kjempe aktivt for det synet at bokmål og nynorsk gjensidig kan vere ressursar for kvarandre i eit folkeleg språkrøktarbeid og motverke fordømmar og språkpolitisk krampe innanfor begge dei to språkbrukargruppene,
- støtte aktivt opp om jamstillinga for nynorsk,
- gi prinsipiell og aktiv støtte til dialektreisninga også i framtida,
- med andre ord legge mindre vekt på det fjerne endemålet og meir på dei næraste stega på vegen framover.

Nye bøker

Det er kommi en god del bøker av språkpolitisk interesse i høst, og vi tar her med ei liste over dem. Noen av dem håper vi å komme mer utførlig tilbake til seinere.

Olaf Almenningen (red.): *Målpolitiske artiklar 1905-1920*. (Noregs Boklag) – Ei samling taler, skrifter og artikler av framstående målfolk i begynnelsen av dette hundreåret, med ei innleiing av redaktøren.

Olaf Almenningen, Thore A. Roksvold, Helge Sandøy og Lars S. Vikør (red.): *Språk og samfunn gjennom tusen år*. (Universitetsforlaget) – Ei ny norsk språkhistorie, som legger hovedvekt på framstillinga av språkutviklinga etter 1814 og på sammenhengen med den politiske og sosiale historia.

Brynjulv Bleken: *Språkrådet og riksmålet*. (Dreyer) – En analyse av språkrådsvedtaket om bokmålsrettskrivinga, sett fra et konsekvent riksmålsstandpunkt.

Egil Børre Johnsen: *Det store bondefangeriet*. (Cappelen) – Et oppgjør med norskundervisninga i skolen i dag.

Turid Kleiva og Bodil Røyset (red.): *Paa Børnernes eget Talemaal. Dialekt i barnehage og skule*. (Samlaget) – Ei artikkelsamling der filologer, pedagoger og psykologer viser ulike sider og problem ved dialektbruk og dialektundervisning (også skriftlig) i barnehage og skole.

Geir Lorentsen o.fl.: *Frå dialekt til nynorsk. Lærarmetodikk i nynorsk som sidemål*. (Samlaget) – Et systematisk opplegg som viser åssen dialektene til elevene bevisst kan trekkes inn i nynorskundervisninga og gjøres til et grunnlag for den.

På godt norsk. (NKS-Førlaget) – Forbruker- og administrasjonsdepartementets læreverk i nynorsk målbruk, som nå er kommi med de to siste delene sine: ei studiebok med kommentarer og oppgaver ved Jan Olav Fretland, og ei «omsetjings- og synonymordliste» fra byråkratsbokmål til god nynorsk ved Magne Rommetveit. Første del, ei kombinert lærebok og handbok, kom i fjor høst med Fretland, Rommetveit, Arnulv Sudmann og Lars S. Vikør som forfattere.

Språk i Norden 1981. (Cappelen, i serien Norsk språkråds skrifter) – Hovedemnet for årets *Språk i Norden* er språklovgiving i de ymse nordiske landa, med artikler om forholda i Finland, Åland, Sønderjylland, Færøyene, Grønland, Norge og Sverige. Ellers har boka bl.a. bokomtaler og stoff om det nordiske språksamarbeidet.

Konservative former inn i telefonkatalogen

Etter det store vedtaket om bokmålsrettskrivinga som Stortinget gjorde i vår, blir det nå spennende å se hva som kommer til å skje i den praktiske språkbruken. Riksmålsfolka vil nok presse på det de kan for å få gjennomført sine former, ikke minst i lærebøker og i det offentlige. En liten forsmak har vi alt fått i telefonkatalogen. Alt noen måneder før stortingsvedtaket satte Televerkets katalogkontor i gang en språklig revisjon av bokmålet i katalogen. Revisjonen gjaldt seks former i bransjeoverskriftene i yrkeslista, nemlig:

band,	som blir til	bånd
golv,	«	gulv
kol,	«	kull
mekler,	«	megler
mjøl,	«	mel
reingjøring,	«	rengjøring

